



Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 DEP
0032 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

2023/9470-KRILØ

Dato

22.09.2023

Høyrings svar - forslag om endringar i forskrift om opptak til høgare utdanning

Universitetet i Bergen (UiB) viser til høyringsbrev frå Kunnskapsdepartementet 30. juni 2023, med forslag om endringar i forskrift om opptak til høgare utdanning. UiB har hatt ein intern prosess kor alle fakultet har hatt høve til å spele inn.

UiB stiller spørsmål ved Kunnskapsdepartementet sin konklusjon om at det ikkje skal fastsettast ei ny unntaksordning for flyktningar. UiB har gode erfaringar med denne unntaksordninga, og opplevde moglegheita til å utvise skjønn i sakshandsaminga av flyktningar som avgjerande for å få tatt opp flyktningar som seinare er integrerte i våre ordinære studietilbod. UiB har eit ynskje om å ta opp fleire flyktningar til våre utdanningar, noko me oppfattar er i tråd med departementet sine intensjonar med tildeling av studie plassar for denne gruppa.

Fram til og med sommaren 2023 har UiB tatt opp 153 flyktningar til norsk kurs og 31 flyktningar til enkeltemne. UiB framhevar at me ikkje kunne tatt opp den mengda flyktningar om me utelukkande skulle kravd dokumentasjon etter GSU-lista. Sjølv om flyktningane me har tatt opp i mange tilfelle ikkje har klart å oppdrive delar av dokumentasjonskravet, grunna situasjonen dei er i, erfarer me at studentane er studiekvalifiserte og viser god gjennomføringsevne.

UiB er også kritiske til departementet si formulering i høyringsbrevet om at flyktningar primært bør få språkopplæring og andre kvalifiserande studietilbod i regi av kommunane, og at vi ikkje kan nytte tildelte studie plassar for å gje språkopplæring og studieførebuande kurs og emne:

Departementet har derfor kome fram til at det ikkje vil bli fastsett ei ny unntaksordning for flyktningar for opptak til universitet og høgskular for hausten 2023. Flyktningar bør primært få sin språkopplæring i regi av kommunane sine introduksjonsprogram, som er tilrettelagde for denne gruppa. Flyktningar bør primært bli kvalifisert for studium i høgare utdanning ved å ta fag i vidaregåande opplæring. Studie plassane i høgare utdanning bør fortrinnsvis nyttast til kvalifiserte flyktningar som kan starte på, eller fullføre, gradar der undervisninga er på engelsk, viss ikkje kravet til norskkompetanse er oppfylt.

UiB ynskjer å bygga bru mellom flyktningar si vidaregåande utdanning og våre studieprogram. Difor tilbyr me studieførebuande språkopplæring i norsk og engelsk og har i snitt gitt opptak til rundt 40 flyktningar til norskkurs og rundt 20 flyktningar til engelskkurs ved kvart opptak.

UiB ser at vi fyller ei rolle i å gje flyktningar studiekvalifiserande språkopplæring, som kommunen ikkje dekkjer med dei kursa dei tilbyr, som er på eit lågare nivå. Vi meiner at departementet si formulering i avsnittet over er i strid med formålet om å integrera flyktningar i høgare utdanning.

Venleg helsing

Margareth Hagen
rektor

Tore Tungodden
universitetsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskrivne signaturar.